



**JULEGÅVER:** Norunn Befring Hjelbrekke t.v. og Dagrann Hesejvold kjem som juleissar til Fylkeshuset med korgene sine fylte med varme tøfler til kulturpolitikarane i fylket.



**GLEDE:** Harry Mowatt smiler sjølv om han ikkje fekk raude, men blå tøfler.



**DANSEGLEDE:** Tova tøflar strikka på landskappleiken. Ikkje rart det knibla i dansefotene til Sissel Loen og Nils Gjerland.



**PÅ VEGGEN:** Tøffelheilt? Dette biletet fekk fylkeskulturdirektør Ingebjørg Erikstad til å ha på kontoret.

# Overraska med varme tøfler

## HERMANSVERK:

Hundreåringen gjekk nye vegar for å visa kulturpolitikarane kor viktig det er å ta vare på tradisjonsarbeid.

Som juleissar i ei førjulstid troppa Dagrann Hesejvold og Norunn Befring Hjelbrekke opp på Fylkeshuset og delte ut strikka, og tova fargeglade tøflar til politikarane i hovudutval for kultur.

## Ikkje tigging

– Me gjer ikkje dette for å tigga om pengar, men me slår eit slag for Husflidslaget som har 100 årsjubileum i år. Tøflane er ei oppmuntring til fylkespolitikarane våre til å tenkja varige verdiar, seier Dagrann Hesejvold, leiar i Sogn og Fjordane husflidslag.

– Korleis er det med føtene? Frys de, spurde Dagrann Hesejvold politikarane då dei tok seg tid til å ta mot fylkeshusflidsdamene.

– Me er opptekne av at politikarane ser verdien av husflid til kvardag og fest, og ser kor viktig det er å ta vare på den unike kunnskapen som kvinner og menn har ført vidare frå generasjon til generasjon gjennom hundreåra. No er handarbeid lenger på timeplanen. Ei stor utfordring er det å få undervisninga inn att i Høgskulen. Det må til skal me ha gode lærekræfter til å lære opp neste generasjonane, seier fylkesleiarane for dei husflidsaktive i fylket.

## Innertiar

Husflidsdamene treffe blink med den varme gáva. Politikarane let seg ikkje be to gonger då dei såg dei fargeglade tøflane.

– Eg er redd kona tek dei frå meg med ein gong eg kjem heim att, sa Harry Mowatt. Ap-

politikarane måtte berre sjå langt etter dei raude og ulltøvlane. Han hadde for stor fot til dei.

– Utruleg flotte, seier Kare Jarl Langeland (V), som reiste ut att til Bremanger med dei varme og gode tova ulltøvlene.

– Hugs å gje opp gáva på skattesetelen, sa Dagrann, og politikarane humra godt.

## Mykje arbeid

På eit styremøte i husflidslaget hadde dei idemyldring på korleis laget på ein positiv måte kunne marknadsføra seg.

– Då kom ideen om å gje kulturpolitikarane våre ei gáve som varma, og som dei ikkje ville få kalde føter av, seier Dagrann og Norunn.

Styret fann fram strikkepinar og garn.

– Det går med ti timar på kvart par, så me har brukt ein del timar på desse tøvlane, seier Norunn.

At strikking er inn att, gled er dei to kvinnene. Dei store motehusa har vist strikkejakker med reinsdyr som motiv.

– Ta berre julekulene til Carlos og Arne. Strikkeboka deira kjem no i fjerde opplag.



**OVERRASKA:** – Skal eg få desse, spør Norunn Lunde Furnes.

Dei to fekk òg pris på Norges Husflidslag, seier Norunn.

## Får landsmøte

I nokre hektiske jupidagar i 2012 har Norges husflidsforbund landsmøtet sitt i Førde.

– Heile 26 år er det sidan sist me hadde eit landsmøte her i fylket. Flott vert det at me no får sjansen att. Med 200 delegatar skal me gjera oss synlege i Førde, seier Dagrann.

Utsendingar frå heile landet skal ikkje berre sitja i ein møtesal.

– Me skal ha turar ut og visa fram fylket vårt. Sjølv sagt skal me òg ha underhaldning. Eg torer seia at me har eit luksusproblem sidan me har så mange gode folk å ta av, seier Dagrann Hesejvold.

Sigrd Svartefoss  
sigrd@sognavis.no



**GRØN VARME:** – Finare tøflar finst ikkje, seier enterpartimannen og førdeord frydar seg over at dei tova tøvlane er grøne.

førar Nils Gjerland, og la foten sin på motebordet. Kulturpolitikaren



**KRINSMEISTRAR 1962:** Bak f.v. G. Hestetun, Kr. Hestetun, A. Hestetun, H. Midtun, S. Øren, J. Midtun. Framme: M. Moen, E. Moen, S. Luggenes, M. Hestetun, K. Wahlquist.

## Litt som på 60-talet

Det nye seriesystemet i fotball betyr at situasjonen for fleire av dei lokale laga er slik den var for snart 50 år sidan då Sogn og Fjordane omsider kom med på fotballkartet. Jotun slo Arna 3–0 i Bergen og kvalifiserte seg for spel i 3. divisjon. Eit gjennombrøt. To år seinare kom Sogndal. Dei slost mot dei same mytane som lever i dag, at lag frå Bergen, og Oslo for den saks skuld, er mykje betre enn lag frå vårt fylke.

No er det Årdal FK, Fjora, Flora, Eid, Tornado/Måløy og Stryn som skal måla krefter med lag utanfor fylket. Og knusa denne myten slik Jotun og Sogndal gjorde på 60- og 70-talet då dei stoppa kjeften på kjepphøge tjuagutar i Bergen.

– Det var stort å rykka opp, men litt skummelt og. Me tapte 0–5 for eit storlag den gongen, Årstad. Respekten var litt for stor, men me forbanna oss på at dei skulle få merka ekte jotun-sisu når dei kom til Årdal, fortel høgrebakken Egil Moen.

Han hadde ry på seg for å vera ein skikkeleg hardhaus. Som då Andre Blindheim (Sandviken den gongen) fekk kjenna «Moen Spesial».

– Eg følgde han over alt, uansett. Ekte frimerke. Det vart nokre saftige taklingar, så eg fekk eit par spisse ålbogar i sida. Men det prella av, og han var så ilksen at det var like før han rappa til meg, flirer Moen som oppnådde akkurat det han ville då Blindheim'en gjekk sur.

– Me hadde voldsomt lyst å visa at me var gode nok. Det klarte me, og spesielt kjekt var det i 1968 då me vann serien og absolutt burde kvalifisert oss til 2. divisjon. Så no er det opp til dagens årdalslag å visa same mot og styrke i kamp mot bergenslaga, seier Egil Moen, still going strong som alt-



muleg-mann for Årdal FK. Jotun vakna fort av

opningsjokket i -63. Resultat som 2–0 over Fana i den første heimekampen før Væregg fekk stryk 5-2 og Trane 5-0. Nokre feilskjer i by'n vart det, noko våre lag sikkert vil oppleve i 2011 òg. Men like lite som i 1963 er det grunn til overdriven respekt for det nye.

Det skulle gå eit tiår før Sogndal tok eit nytt steg i divisjonssystemet. Etter to singlar i kvalifisering mot Vigrestad vart det klart for 2. divisjon i 1973. Då var landskapet utvida til heile Sør-Norge. Eit nummer for stort det året og nedrykk, men likevel starten på det som etter kvart er blitt fotballopplytting Sogndal. Ein av dei som spådde det, var sportsredaktør i Sunnmørsposten, «Kåre» som var sikker i si sak, trass i 0–6 på Høddvoll.

– Dette laget har noko stort i seg. Og når Svein Bakke er med att (meniskskadd), vil dette bli eit lag å rekna med, hevda sunnmøringen. Vel tre år etter, i -76 stod han midt i jubelbruset på Guldbergaunet etter 3–1 i semifinalen mot Steinkjer. Han var like glad som alle i svart og kvitt – og sannspådd!

Så var det klart for neste byks i seriesystemet. 1982, Sogndal i tippeligaen med dagens trener Harald Aabrekk som ein av støttespelarane. Nedrykk etter første forsøk, men igjen ein forsøk på det som skulle koma. I 1988 gjorde Sogndal sin kanskje beste innsats nokon sinne, sjølv om hausten var tung og mørk mot slutten. Fantastiske kampar mot Brann (2–0), Lillestrøm (3–1), Rosenborg (0–0) og Bryne (3–2) var store opplevingar. Så kom Flo-epoken i Sogndal på 90-talet. Håvard, Jostein, Tore André og Jarle, og nye sesongar i toppen av norsk fotball. For Jostein Flo vart det ein snuoperasjon av dimensjonar. Frustrert og desillusjonert etter opphald i belgiske Lierse, kom han til Fosshaugane og spelte seg rett inn i eventyret med Drillos. Neste opprykksrakett vart skoten opp på Ullevål hausten 2000. Tommy Øren stanga inn 2–2 målet og sende Vålerenga og Kjetil Rekdal heilt fortent ned i gjørma til Adeccoligaen. At den same Øren var arkitekten og spela ein av hovudrollene i haustens opprykksdrama mot Fredrikstad, føyer seg pent inn i rekkja av fotballdrama. Det starta i 1962 med Jotun. Knappe 50 år seinare er Sogndal igjen med i det beste selskapet. Og for våre lokale laga som får sjansen i den nye 3. divisjon, er det berre å staka ut kursen, krumma nakken og bruka vinteren godt. Jotun og Sogndal viste veg på 60-talet. No er det Årdal FK og Fjora FK som skal ta over denne rolla. Nokre bergensskalpar i beltet vil gjera ekstra godt.

## Sportsretro

Av Jon Navarsete